


# KVA SKJER I BYGLAND? – Januar 2020

Bygland har mange arrangement å by på for barn og vaksne. Kom og bli med!

| DATO | ARRANGØR; STAD | TID | ARRANGEMENT |
|---|---|---|---|
| torsdag 09.01. | Åraksbø grendehus | kl. 18.30 | Kjasekveld |
| | Bjoren Brygge | kl. 19.00 | Quiz |
| tysdag 14.01. | Bygland frivilligsentral | kl. 16.30 | Bygdemiddag |
| fredag 24. – sundag 26.01. | KVS Bygland; Sentrum 37, Bygland 4745 | heile helga | Besøkshelg på KVS Bygland for interesserte; påmelding jon.gunnar.kjetsa@kvs-bygland.no |
| laurdag 25.01. | Bjoren Brygge | kl. 21.00 | Konsert: Snauhogst |
| sundag 26.01. | Bygland filmklubb; Bygland kulturscene | sjå plakat | Film 1: Disney<br>Film 2: katastrofefilm |
| tysdag 28.01. | Bygland frivilligsentral | kl. 16.30 | Bygdemiddag |
| onsdag 29.01. | Bygdekinoen; Bygland kulturscene | kl. 17.30 | Frost II |
| | | kl. 19.30 | Tunnelen |
| torsdag 30.01. | Bygland kommune; Åraksbø grendehus | kl. 19.00 | Folkemøte om kultur-historiske landskap av nasjonal interesse (KULA-registeret) (sjå eigen info) |

**Anna:**
**onsdag 15.01.** kl. 10-16: TRE i Setesdal - konferanse om trenæringa i Agder; laftehallen ved Setesdalsmuseet på Rysstad
**tysdag 21.01.** kl. 8.45-15.30: Fagdag landbruksbygg i tre; Furuly fleirbrukshus, Kinovegen 18, Evje

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**



# Byglandsnytt nr.5 - januar 2020

## Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
***Neste utgåve: 4. februar** - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 29.01.*

## Nyttårshelsing frå rådmannen

Året 2019 er lagt bak oss og vi er inne i eit nytt år. Det har skjedd mykje positivt i Bygland kommune i 2019 og det vil vi vidareføre i 2020. Kommunebarometeret for 2018 viser kvaliteten på tenestene til innbyggjarane i kommunen. Bygland kommune kom på 35. plass av dei 422 kommunane i landet. Dersom ein ser bort frå økonomiske rammevilkår er kommunen nr 6. Dette er ei plassering vi alle har grunn til å vere stolte av. Politikarar og dei tilsette har saman arbeidd planmessig for å nå dette målet. Dette vil vi vidareføre i 2020 og oppnå ei god plassering blant dei, etter kommunereforma, 356 nye kommunane i Noreg.

I 2020 må vi jobbe med å redusere dei kommunale utgiftene for å få budsjettet i balanse i 2021. Dette er eit stort arbeid som politikarane og dei tilsette må samarbeide om. Det overordna målet er at det i minst mogeleg grad går ut over tenestene til innbyggjarane.

I 2020 skal kommunestyret vedta ny kommuneplan 2020 – 2032. Det har vore gjennomført ein prosess med medverknad frå innbyggjarar, politikarar og tilsette for å forankre denne planen på ein god måte.
Kommuneplanen vil gi ei god oversikt over utfordringsbilete og målsettingar for å styre utviklinga framover i den retning vi ønskjer. Dette er utan tvil den viktigaste saka kommunestyret skal handsame i denne kommunestyreperioden.

Eg vil ønskje alle innbyggjarar i Bygland kommune eit godt nytt år!

Med venleg helsing

Aasmund Lauvdal

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Fylkespolitikk – eitt Agder!

Den 1.1.2020 ble Aust- og Vest-Agder slått saman til **Agder fylkeskommune** med ny nettside www.agderfk.no og ny facebook-side.

Dei aller fleste av kommunane i Noreg fekk nye kommunenummer, anten som eit resultat av samanslåingar eller etablering av dei nye regionane. Totalt er 311 kommunar rørde av reformen og ved årsskiftet 2019/20 blei det utført omlag 100 millionar endringar i matrikkelen. Du kan lese meir om dette på https://www.norkart.no/kommunereform/

- **Agder sitt nye fylkeskommunenummer er 42**
- **Bygland sitt nye kommunenummer er 4220**

Bygland kommune sin heimeside er: www.bygland.kommune.no

## Bygland kommune - Statistisk Sentralbyrå sine kommunefakta

**Folketal (per 3. kvartal 2019): 1160 innbyggarar**




**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Regelmessige arrangement i Bygland kommune

(delvis med unntak i feriar + høgtider; høyr med arrangøren)

| DAG | STAD | TID | ARRANGEMENT |
|---|---|---|---|
| **måndagar** | Byglandshallen | kl. 15.30 | Teppebowls |
| (i partalsveker) | Årdalshallen | kl. 17.00 | KRIK-mini 1-5. klasse |
| | Årdalshallen | kl. 18.00 | Styrketrening (familiar) |
| | Årdalshallen | kl. 19.00 | Fotball for vaksne |
| annankvar mån | Fredheim Bedehus | kl. 17.00 | Barnekor Byglandsfjord (13. + 27.01.) |
| **tysdagar** | Bygland frivilligsentral | kl. 11-12.45 | Praktisk hjelp heime |
| (avlyst 14.01.!) | Bygland frivilligsentral | kl. 11.00 | Gåtur på dagtid/Bygland |
| | Bibliotek Byglandsfjord | kl. 12-14.15 | Bokkafé |
| | Årdalshallen | kl. 19.00 | Volleyball |
| annankvar tys | Bygland frivilligsentral | kl. 12.00 | Tysdagskafé (28.01.) |
| annankvar tys | Bygland frivilligsentral | kl. 18.00 | Bingo (08. + 21.01.) |
| **onsdagar** | Bygland frivilligsentral | kl. 14-18 | Utstyrssentral |
| | Årdalshallen | kl. 16.30 | Barnetrim |
| | Årdalshallen | kl. 18.00 | Styrketrening (damer) |
| 1. ons/månad | Byglandsheimen | kl. 10-14 | Handletur til EVJE (08.01.) |
| **ons + fredagar** | Symjehallen/Bygland | kl. 17-20 | Familiebading |
| **torsdagar** | Byglandshallen | kl. 13-15.30 | Aktivitetskafé |
| | Årdalshallen | kl.19.00 | Volleyball |
| normalt 1. og 3.tor | Bygland frivilligsentral | kl.18.00 | Strikkekafé (09. + 23.01.) |

Bygland Frivilligsentral - kontakttelefon: 945 10 770 – Aktivitetsplan for Bygland Idrettslag: http://www.bygland-il.no/

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**







Meir informasjon om Bygland kommune på SSB:
https://www.ssb.no/kommunefakta/bygland

**Politiske møte, sakspapir og protokollar:** www.bygland.kommune.no/innsyn

Ingen møter i januar 2020.

## Politiske vedtak

- **IFK-Plan 2020 – 2023 -** Plan for idrett-, friluftsliv-, fysisk aktivitet og kulturanlegg 2020-2023 blei vedteken av kommunestyret i PS 110/19 den 11.12.19.



- **Interkommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan for kommunane i Setesdal** - Den interkommunale rusmiddelpolitiske handlingsplanen blei vedteken i kommunestyret i PS 113/2019 den 11.12.2019



**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

- **Alkoholpolitiske retningsliner for kommunane i Setesdal, 2020 – 2023** - Dei interkommunale alkoholpolitiske retningslinene for kommunane i Setesdal 2020 - 2023 blei vedtekne av kommunestyret i PS 114/19 den 11.12.19

Du finn alle plandokumenta på Bygland kommune si heimeside.

## Drift og Forvaltning

### Folkemøte om kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

Riksantikvaren har fått i oppdrag å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA-registeret). I Bygland kommune gjeld det grendene Åraksbø, Sandnes og garden Skore.



Grenda Åraksbø står saman med Sandnes og Skore på høyringsutkastet til KULA-registeret

Kommunane er utfordra til å gi uttale til det framlagde høyringsutkastet innan 01.04.2020. Før Bygland kommune gjev uttale til høyringsutkastet, ynskjer vi å gjennomføre **eit folkemøte i Åraksbø grendehus, torsdag den 30.01. kl. 19:00**

Føremålet med møtet er at Agder fylkeskommune vil informere om prosjektet og at grunneigarar m.fl. blir gitt høve til å gi innspel og stille spørsmål. Bygland kommune ynskjer skriftlege innspel til høyringssaka innan 10.03.2020.

Ytterlegare informasjon finn du på kommunen si heimeside. Kontaktperson i Bygland kommune: Tenesteleiar DFV, Kjell Øyvind Berg

### Offentleg ettersyn detaljregulering for Austad Kraftverk

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 vedtok plan, miljø og ressursutvalet i sak 116/19 den 19.12.19 å leggje forslag til reguleringsplan for Austad kraftverk med planid 201905 og tilhøyrande dokument ut på høyring og offentleg ettersyn i seks – 6 veker.






Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117


# Tømekalender i Bygland kommune

## Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

**2020**

**Bygland kommune tenestetorget. Tlf: 37 93 47 00**
**E-post: post@smg-iks.no. www.smg-iks.no. Tlf: 37 93 17 00**

Grå dunk= Restavfall
Brun dunk = Matavfall

Grøn dunk= Papir
Plastsekk = Plast

= Glas/Metall

**Merknad:** Syrtveit Avfallsanlegg Evje, fri levering av sortert husholdningsavfall.
Tysdag kl. 08.00–14.30. Torsdag kl. 08.00–19.00
2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00

### SORTERINGSRETTLEIING

**Glas- og metall-emballasje**

Bare glas- og metall-emballasje som har innehalde hushaldnings-produkt.
**Avfallet må skylast først**

- -Hermetikkboksar
- -Sylteglas
- -Vin- og saftflasker
- -Aluminiumsfolie
- -Brus- og ølboksar
- -Kaviar- og majonestuber

**Ikkje kast dette her:**
- -Plastposar/anna plast
- -Speglar, keramikk, porselen og eldfaste fat
- -Målingsboksar, sprayboksar, ljospærer, bremsetromlar, parabol og anna metall

**Våtorganisk avfall**

Lett nedbrytbart organisk materiale som egner seg til kompostering.

- -Matrestar
- -Frukt og grønsaksavfall
- -Fisk- og kjøtrestar
- -Eggeskal
- -Kaffigrut og teposar
- -Serviettar og tørkepapir
- -Blomar/planterestar
- -Våt kartong
- -Oske

**Ikkje kast dette her:**
- -Plastposar/anna plast
- -Aluminiumsfolie,
- -Glas
- -Hermetikkboksar
- -Anna materiale som ikkje er lett nedbrytbart

**Papp, papir og drikke-kartong**

Papp og papir som egner seg til gjenvinning.

- -Aviser og vekeblad
- -Konvoluttar
- -Pappøskjer
- -Bølgepapp
- -Pizzainnpakning
- -Kartong
- -Reine mjølkekartongar

**Ikkje kast dette her:**
- -Våt papp el. papir
- -Skitten papp/papir
- -Avfall som ikkje er papp eller papir

**Plast-emballasje**

Plasten må være rein.

- -Plastflasker til vaskemiddel o.l.
- -Ketchupflasker
- -Småboksar
- -Rømme og yoghurtbeger
- -Plastfolie
- -Plastposar

**Ikkje kast dette her:**
- -Leiker av plast
- -Hagemøblar
- -Isopor
- -Anna hard plast

**Restavfall**

Bare brennbart avfall som ikkje egner seg i dei andre fraksjonane.

- -Skitten plast
- -Gåvepapir
- -Klede og sko
- -Hundeposar
- -Støvsugarposar

**Ikkje kast dette her:**
- -Glas
- -Metall
- -Keramikk/porselen
- -Farleg avfall
- -Anna avfall som ikkje er brennbart

**Avfall som skal leveres Gjenvinningsstasjonene:**
Alt av elektriske artiklar som: Kjøkkenmaskin, lamper, ljospærer, radio, tv, kjøle- og fryseskåp, komfyr, drill, oljeomnar, m.m. kjemikaliar, plantevernmidlar, batteri, eternitt, måling, møbler, vindauge/dører, porselen, drikkeglas, treverk, metall, bildekk, hageavfall, Glava/Rockwoll. Alt anna avfall som ikkje vert henta heime, sjå det som står over i sorteringsrettleiinga. **NB:** Medisin- må leverast til apotek. Fyrverkeri, ammunisjon og sprengstoff må leverast til politiet.

### Elektronisk tømekalender

Vi har fått elektronisk tømekalender. Den elektroniske tømekalenderen kan du få ved å laste ned en App eller ved å gå inn på heimesida (www.smg-iks-no) og finne tømekalenderen der. Du vil også finne mykje anna nyttig informasjon både i app og på heimesida. Det vil også være muleg og bestille varsling på sms før kvar tøming.

Har du ikkje tilgong til den elektroniske tømekalenderen kan du kontakte Setesdal Miljø & gjenvinning (37 93 17 00) så får du tilsendt en utskrift av kalenderen i posten.

**Nesmoen Gjenvinningsstasjon. Opningstider: 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00. 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00. Nesmoen stengt 8.4.2020 og 26.12.2020**



Føremålet med planen er å leggje til rette for utbygging av Austad kraftverk. Reguleringsplanen er lagt ut til offentleg ettersyn i 1. etg på kommunehuset og er tilgjengelig på kommunen si heimeside under planer-høyring.
Eventuelle merknader til reguleringsplanforslaget sendast skriftleg **innan 21.02.2020** til:
Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland eller pr. e-post: post@bygland.kommune.no og merkast med sak.nr 18/185.
For nærare informasjon om planarbeidet: sakshandsamar Inger Siri Lidi tlf: 952 10 915 eller e-post: inger.siri.lidi@bygland.kommune.no

## Plan og utvikling

### Innbyggjarundersøkinga - eit samandrag

Hausten 2019 gjennomførte vi ei innbyggjarundersøking der alle innbyggjarar frå 18 år og oppover blei inviterte til å delta. 73 personar med relativt god aldersspreiing, kjønnsfordeling og geografisk spreiing svara på undersøkinga. Det er vi nøgd med. Takk til dykk som deltok!


Særs misnøgd 1 2 3 4 Særs nøgd 5 6 Veit ikkje

Gjennomsnittleg tilfredsheit pr. kategori samanlikna med snittet i Noreg:

| | Snitt Bygland | Snitt Norge |
|---|---|---|
| Bakgrunnsspørsmål | - | - |
| Tjenestene fra din kommune - bruker | 4,7 | 4,5 |
| Tjenester fra din kommune - inntrykk | 4,6 | 4,2 |
| Næring og arbeid | 3,3 | 4,0 |
| Transport og tilgjengelighet i kommunen | 2,9 | 3,3 |
| Miljø i kommunen | 5,2 | 4,8 |
| Klima og energi | 3,6 | 3,8 |
| Natur og landskap og friluftsliv | 4,5 | 4,4 |
| Levekår | 4,6 | 4,2 |
| Bomiljø og senterfunksjoner i kommunen der du bor | 4,1 | 4,1 |
| Servicetilbudet | 3,4 | 4,3 |
| Boligtilbudet | 4,0 | 3,8 |
| Kultur og idrett | 4,4 | 4,5 |
| Utbygging og utvikling | 3,6 | 3,8 |
| Trygghet | 5,3 | 5,0 |
| Kommunen som bosted | 4,8 | 4,7 |
| Møte med din kommune | 3,7 | 3,5 |
| Tillit | 4,0 | 3,8 |
| Helhetsvurdering | 3,4 | 4,0 |
| Snitt totalt | 4,1 | 4,1 |

Vi ligg nærme snittet i Noreg innanfor fleire av kategoriane.

Av tenesteytingane er det pleie og omsorgstenesta, legetenesta og bibliotektenesta innbyggjarane er mest nøgd med. Dei resterande teneste ligg omtrent på landssnittet. Ingen av tenesteytingane kjem dårlegare ut enn snittet.

Dei som ikkje hadde nytta ei eller fleire av tenestene, fekk spørsmål om kva inntrykk dei hadde av tenestene. Deira tilbakemeldingar gav eit dårlegare snitt enn tilbakemeldingane frå dei som har nytta tenestene. Spesielt med omsyn til legevaktordninga så er det markant skilnad (3,4 mot 4,8).

Levekår som går på trivsel og tryggleik, er innbyggjarande godt nøgd med.

Innbyggjarane er ikkje så nøgd med moglegheitene for å få arbeid nærme heime og moglegheitene for å etablere næring i kommunen. Kollektivtilbodet i kommunen er dei heller ikkje så nøgd med. Innan servicenæringar som kafear, bank, butikkar, saknar dei eit større tilbod.

Innbyggjarane har tillit til at politikarane arbeider for innbyggjarane sitt beste, men dei trur ikkje at kommunen har eit godt omdømme utanfor kommunegrensa.

Undersøkinga opna for å kome med tilbakemelding på kva kommunen har lykkast med og ikkje har lykkast med dei siste to åra og konkrete forslag til forbetringar. Desse tilbakemeldingane vil vi samanstille med innspela frå dialogmøta vi har hatt i haust. Einingane vil nytte informasjonen frå undersøkinga i sitt forbetringsarbeid og i tillegg vil han bli nytta i arbeidet med revideringa av kommuneplanen.

**Postkasser til Byglandsnytt**

Det er hengt opp postkasser for Byglandsnytt i Grendi og Åraksbø:

- ved den gamle butikken i Grendi
- ved Åraksbø grendehus

I dei postkassene kan de hente eksemplar av Byglandsnytt. Postkassene er merka. Er dei tomme, tips sentralbordet om det på tlf. 37 93 47 00.




**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

**Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS informerer:**
Tømekalender for 2020 og appen "Min renovasjon"

**Varsling av avfallshenting på SMS og bruk av appen "Min renovasjon":**
1. januar 2020 fekk Bygland kommune nytt kommunenummer. Dette medfører at dei som har lasta ned appen "Min renovasjon", må legge inn adressa si på nytt for at appen skal fungere.
Det gjer du slik:

1. Gå inn i appen "Min renovasjon"
2. Slett alle adressene (stadene) dine som du har lagt inn for å få tømekalender og varsling på SMS
3. Vel "Legg til sted"
4. Vel kommune og adresse på nytt - no skal alt fungere som før

**Tømekalender for Bygland kommune – januar 2020**

***Matavfall og restavfall***: veke 3: torsdag 16.01.
***Papir og plast***: veke 5: tysdag, 28.01.
***Matavfall og glas/metall***: veke 5: torsdag 30.01.

Gjenvinningsstasjonen på **Nesmoen** har ope:
2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 og 4. laurdag i månaden kl. 10.00 – 13.00. I januar er det ope onsdag 08.01. kl. 14.00-18.00 og laurdag 25.01. kl. 10.00-13.00

**Strøsand** kan du hente på Nesmoen i arbeidstida.

**Syrtveit**: fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00-14.30, torsdag kl. 08.00 -19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (11.01.)

***Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS***
e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no tlf.: 37 93 17 00

**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

**Bygdekinoen (bygdekinoen.no) – onsdag 29.01. på Bygland kulturscene**

***Film 1, kl. 17.30: Frost II***

**Omtale**
Kvifor vart Elsa fødd med magiske krefter? Sanninga kjem for ein dag og truar hennar rike. Saman med Anna, Kristoffer, Olaf og Sven, legg ho ut på ein farleg, men oppsiktsvekkande reise. I Frost frykta Elsa at kreftene hennar var for mykje for verda. I Frost 2 håpar ho kreftene er sterke nok.




**Billettpris:** kr 90,- **Språk**: norsk **Genre**: Eventyr
**Aldersgrense**: 6 år. Filmen inneheld fleire mørke og dramatiske scener og enkelte skremmande skikkelsar. Dette gjer at filmen får 6-årsgrense.

***Film 2, kl. 19.30: Tunnelen***

**Omtale**
Tunnelen er eit intenst spenningsdrama om ei ulykke i ein tunnel, som raskt eskalerer til å bli ein kamp om liv og død for dei involverte.




Ein tankbil kolliderer i ein tunnel i den iskalde norske fjellheimen. Barnefamiliar, ungdommar og turistar blir brått og brutalt sperra inne i mørket. Utanfor herjar snøstormen og hjelpemannskapa står fast. Tankbilen byrjar å brenna, men kjem hjelpa fram i tide?

**Billettpris**: kr. 110,- **Språk:** norsk
**Genre:** Drama/Spenning
**Aldersgrense:** 12 år.
Denne katastrofefilmen har intense og skremmande parti og inneheld lite nærgåande skildringar av offer. Han får derfor 12-årsgrense.

## Økonomi og næring

Kommunestyret vedtok budsjettet og gebyrregulativet (prislista) for 2020 den 11.12.19. Budsjettdokumentet er tilgjengeleg på kommunen si heimeside under «Innsyn» - «styringsdokument – økonomi», medan gebyrregulativet er tilgjengeleg under «Innsyn» - «Gebyr og avgifter».

## Helse og omsorg

### Ny fastlegevikar i Bygland kommune

Fastlege Anette Skarshaug Skeie skal ha permisjon i eit år for å fullføre utdanninga si innan allmennmedisin.

Legevikar er Nektarios Apostolou.

Bygland kommune ønskjer Nektarios Apostolou velkomen til Bygland!



*Anette Skarshaug Skeie og Nektarios Apostolou*

### Ledig stilling i Bygland Kommune, Pleie- og omsorg

**Sjukepleiar vikariat 100,00 %**

Fleire av våre flinke tilsette er gravide og vi søkjer etter vikarar for desse. Vi har difor ledig 100 % vikariat som sjukepleiar. Det er ønskjeleg med tilsetting så snart som mogleg, med varigheit til 31.10.2020. Stillinga er ved avdeling for open omsorg sine to basar på Bygland og Byglandsfjord.




For meir informasjon om stillinga: Kontakt avdelingsleiar Camilla Verdal på e-post camilla.verdal@bygland.kommune.no

Stillinga har turnus som inneber arbeid kvar 3. helg og er elles basert på tredelt turnus (i samband med denne stillinga inneber det om lag 3-4 nattevakter på 6 veker). **Søknadsfrist: 22.01.2020. -** For meir informasjon og sending av søknad (berre digital): sjå kommunen si heimeside



**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**

## Gudstenester og andakter

**Gudsteneste**
sundag 05.01. kl. 11 Årdal kyrkje, Grendi
sundag 19.01. kl. 11 Bygland kyrkje

**Andakt på Byglandsheimen**
Dato blir hengt opp på Byglandsheimen




**Kyrkjekontoret i Bygland**
Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472; Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711;
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173

## Bygland Frivilligsentral

Kvart år feirar Frivilligsentralen FN sin internasjonale dag for Frivilligheita den 5. desember. Det vart ein kjenslelada, men flott kveld.

I år starta me ein ny tradisjon, noko me vil halde fram med. Me delte nemleg ut prisen **Årets frivillig**!!
Ordføraren vår stod for utdelinga!



*Signe Arneberg, Anne Fauske og Margit Smedsland frå Bygland Frivilligsentral*

Frivilligprisen har som føremål å påskjønne frivillig innsats som skjer i Bygland. Prisen er innstifta av Bygland Frivilligsentral.

Målsetjingane med prisen er å bidra til å

- Synliggjera frivillig arbeid
- Stimulera til frivillig innsats
- Auke medvitet omkring rolla frivillig innsats har i lokalsamfunnet og utviklinga av lokalsamfunnet
- Skape eit lokalsamfunn der det er plass til alle

Prisen skal delast ut til ein initiativrik person, ei lokal foreining eller gruppe som har utmerka seg med frivillig innsats, engasjement og pågangsmot til beste for den enkelte og/eller lokalsamfunnet. Prisen blir utdelt for å gje frivilligheita eit ansikt, for å markere og synliggjere frivillige og frivillig innsats og for å fremje frivillig engasjement. ÅRETS FRIVILLIG vart:.......**Signe Arneberg!**

Denne kvelden vart toppa med besøk få Gjensidigestiftelsen, med ein gåvesjekk på ikkje mindre enn 130 000 kr som skal gå til Utstyrssentralen! Dette betyr mykje for Utstyrssentralen og for born og unge i Bygland. **Tusen takk til Gjensidigestiftelsen!**

Bygland frivilligsentral skal vere ein lokalt forankra møteplass, open for alle som vil ta del i det som skjer. Frivilligsentralen skal være ein sentral aktør i lokalmiljøet og koordinere og legge til rette for frivillig arbeid.

***Kontakt:***

***Anne Fauske/Bygland frivilligsentral***
tlf.: 94510770 - Sentrum 18, 4745 Bygland
e-post: post@bygland.frivilligsentral.no



**Tilbod**

- Handletur til Evje
- Bingo
- Besøksven
- Bygdemiddag
- Følgjehjelp (lege/tannlege)
- Tysdagscafé
- Gåtur på dagtid/Bygland
- Lytteven
- Matombringing
- Person/vare-transport
- Hjelp heime: ved, strøing, vask, plenklypp
- Rickshawsykkel
- Strikkekafé
- Utstyrssentral
- Aktivitetskafé
- Gratis leige av møteplass
- mykje meir ☺

***Redaksjonsnotat:***
*Bilete: Framside: Tone Gakkestad, Innhald: Susanne Hegenscheidt, Anne Fauske; Kva skjer: S. Hegenscheidt. Tusen takk til alle fotografane!*
*Redaksjon: Susanne Hegenscheidt*
*Korrektur: Sonja Lien Skjevrak*
*Neste utgåve Byglandsnytt: 04. februar 2020*


**Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117**